

Utvida opningstider på museet



Leik i «Kvitebjørnen» på Nesasjøhuset.
Foto: Suldal foto

Frå nyttår har me utvida opningstidene på Nesasjøhuset på Sand, og har no laurdagsope heile året. Dei nye opningstidene er:

Kvardagar: 9-15
Laurdagar: 11-15

Velkommen innom for ein tur i utstillingane våre eller museumsbutikken.

Humarmuseet i framgang



Foto: Lise Bjelland

Med hjelp av god lokal innsats seglar Humarmuseet no opp til å verta eit av dei best besøkte anlegga våre. I 2014 var 2 079 personar innom anlegget vårt på Kvitsøy. Statistikken for Ryfylkemuseet er ikkje heilt ferdig, men me har så langt telt opp 18 700 besøkande for fjoråret.

Avsluttar læretida



Marlinn Tveit ved løa på Røynevarden

Restaureringa av løa på Røynevarden vart avslutta før jul, noko som òg markerte slutten på Marlinn Tveit si læretid hos oss. Me har hatt stor glede av arbeidet til Marlinn, og ønskjer ho lukke til vidare i utdanninga.

I toppen med digital publisering



[Fabrikkområdet i Sauda 1915, kort tid før utbygging.](#)

Foto: John Oxaal

I 2014 vart 2 700 nye foto frå samlingane våre publiserte på [Digitalt Museum](#), med motiv frå Finnøy, Suldal og Sauda. Me er då oppe i 10 766 foto og gjenstandar på nettstaden, og toppar med det statistikken i Rogaland på dette feltet.

Elles skjer det mykje spanande på museet for tida. Ta gjerne ein kikk i [kalenderen](#) vår.